

Lindås kommune, byggesak
v/Tone Margrethe Berland Furustøl

kopi: Advokatkontoret Harris v/Ingrid Kyvig

**Sak 16/1342 - Påvisning av sentrale feil i Harris si klage av 12.11.2018, kortfatta:
(Fullstendig versjon kjem i løpet av få dagar)**

Ved gjennomlesing av klagen finn eg heilt grunnleggjande feil. Mi førebelse kommentering:

Vegrett: 99/4 har ein tinglyst vegrett på eksakt 2 meter, jfr. tinglyst skøyte, (ikkje «minst 2 m»). Eikevik har vedkjent seg at stikkveg har 2 m bredde i pakt med vegretten. Også argumentert sterkt for at *2 m bredde var nok til hans bruk*. (Jfr. vedl. brev frå Harris til Lindås kommune av 08.03.18). Difor hadde Eikevik ingen grunn til å vere i god tru om si sjølvtekt. Det har aldri vore avtalt noko utviding ut over 2 m mellom 99/1 og 99/4 (feil i Harris si klage). Den provisoriske stikkvegen frå 1990 var anlagt og begrensa til 2 m bredde, Fanagro sin påstand og forsøk på å «dokumentere» noko anna er *grovt feil*, dvs. påstand om «opptil 3 m». Viser elles til mitt brev av 25.11. når det gjeld Fanagro si «dokumentering». Fanagro sitt bilete som er vedlagt klagen under-kommuniserer omfanget av inngrepet både m.o.t. bredde og djupne. Djupna er elles mykje kamuflert i og med Eikevik si oppfylling og manipulering av sidene i etterkant.

99/1 har på 70-talet *åleine* kosta og anlagt ny trase frå hovudvegen fram til tunet, *utan 99/4 sin medverknad eller avtale*. Ingen budde då på bruk 4, som berre vart nytta sporadisk til fritidsbustad. Stikkveg var ikkje inne i bildet på det tidspunkt.

Bevisplikt: Det er Eikevik som er «protestant» (dvs. feil i klage) og har bevisplikt, og som difor evt. må ta saka til retten om han meiner han skulle ha rettar ut over sin 2 m tinglyste vegrett. Inntil da må han forhalde seg til denne.

Vesentleg kultur- og terrenginngrep: Feil i klage: For 99/1 representerer inngrepet Eikevik gjorde 18.10. eit vesentleg kultur- og terrenginngrep inne i min hage. Ikkje minst avdi det i eksisterande kulturlag er påvist funn frå førhistorisk tid, og *kan* vere fleire.

Vedlikehaldsrett: 99/4 sine tinglyste vedlikehaldsplikter er avgrensa til *nederste* halvdel av trase rekna frå hovudveg. Det er *desse* pliktene Eikevik hittil har forsømt (feilbrukt sitat i klagen).

Det er bruk nr 1 som har tinglyst vedlikehaldsrett/plikt på heile *den øvre* del av traseen.

99/4 har aldri hatt *formalisert* vegrett til den provisoriske stikkvegen frå 1990. I den grad denne skal vedlikehaldast er det, som vist over, *99/1 som skal utføre dette*, ikkje Eikevik (dvs.feil i klage).

Ny sørleg trase: I utarbeida vegavtale om ny og tenleg sørleg trase får 99/4 derimot både formalisert vegrett, og 99/4 får omdefinert vedlikehaldsrett til å gjelde øvre del fram til eige tun.

Denne vegen kunne, som før nemnt, Eikevik hatt ferdig forlengst.

Fråstolen matjord og gjenoppretting: All matjorda og enga Eikevik har fjerna vekk frå sidene av 2 m stikkveg tilhører uomtvisteleg 99/1. Eg er difor i min absolutte rett til å gjenopprette/ta jorda mi tilbake. Dette har eg meld frå om at eg kjem til å gjere. Sidan denne jorda potensielt også kan innehalde funn frå fortida på garden min, er det ekstra sårbart og viktig å få jorda tilbake på plass der ho har lagt. (Siste avsnitt var ei orientering til Harris/Eikevik).

Viser elles til mitt utfyllande brev om dette til Harris av 25.11. med kopi til Lindås kommune.

Med vennleg helsing
Elin H. Fanebust

